



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier  
Instituttrådet

Referanse

2022/9737-STT

Dato

29.06.2022

Tid og sted: Uke 26/2022, sirkulasjonsbehandling – tilbakemeldingsfrist: 30. juni

Til: Steinar Bøyum, Eivind Kolflaath, Vibeke Tellmann, Hans Marius Hansteen, Julie Zahle, Gunnar Karlsen, Leon Commandeur, Kirsten Bang, Haakon Ben Schrøder, Axel Leegaard, Rebecka Sjøvangen

---

## **Innkalling til instituttråd 30.06.22**

### **Saker:**

11-2022 Budsjettinnspill 2023

12-2022 Valg av representanter for gruppe B og gruppe D til instituttrådet 2022/23

Steinar Bøyum  
instituttleder

Steinar Thunestvedt  
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

---

Institutt for filosofi og  
førstesemesterstudier  
Telefon 55 58 23 82  
fof@hf.uib.no

Postadresse  
Postboks 7805  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Sydnesplass 12-13  
Bergen

Saksbehandler  
Steinar Thunestvedt  
55582384



Institutt for filosofi og førstesemesterstudium  
Instituttrådet

Referanse

2022/9737-STT

Dato

29.06.2022

## 11-2022 Budsjettinnspel 2023

### Dokument:

- Budsjettinnspel frå FoF

### Saksforelegg:

Budsjettinnspelet for 2023 skjer etter same lest som dei siste åra. P.g.a. fakultetet sin ekstraordinært vanskelege økonomiske situasjon er det vår vurdering at det er lite formålstenleg å kome med framlegg med ein urealistisk prislapp. Framlegget til budsjettinnspel for 2023 reflekterer denne innsikta nokså tydeleg.

### Framlegg til vedtak:

*Instituttrådet sluttar seg til instituttleiar sitt framlegg til budsjettinnspel for 2023.*

Steinar Bøyum  
instituttleiar

Steinar Thunestvedt  
administrasjonssjef

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for filosofi og  
førstesemesterstudium  
Telefon 55 58 23 82  
fof@hf.uib.no

Postadresse  
Postboks 7805  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Sydnesplass 12-13  
Bergen

Sakshandsamar  
Steinar Thunestvedt  
55582384



Universitetet i Bergen

Referanse

2022/6138-STT

Dato

27.06.2022

## Budsjettforslag 2023 - innspel frå FoF

### Utdanning

Studiepoengproduksjonen ved Institutt for filosofi og førstesemesterstudier har hatt ein stor auke, med noko nær ei dobling dei siste fem åra. Dette kjem dels av høg overbooking, og dels av at fleire studentar utanfor instituttet sine program tek våre emne, noko som viser at filosofi er attraktivt som støttefag i andre utdanningar, både som frie studiepoeng og som obligatoriske emne i andre program. Trass i den store poengproduksjonen, slit filosofi og retorikk med gjennomføringa, på same måte som mange andre bachelorprogram på fakultetet. Til saman gjer dette at instituttet må ha følgjande to overordna mål i åra som kjem. For det første må halde fram arbeidet med å tilpasse studietilbodet til ressursituasjonen. For det andre må me halde fram arbeidet med å redusere fråfallet.

Med omsyn til det første har me vore gjennom to større effektiviseringsrundar på instituttet sidan 2020. Ved å redusere undervisinga på fagstudia oppnådde me ei innsparing på om lag 1500 timar pr. år, som svarar til om lag to førstestillingar med ordinære vilkår. Diverre betydde dette også ei reduksjon av studentaktiv læring, ved at me har heldt på talet på emne, men nytta færre timar pr emne. Slik er det ei spenning mellom breidde og studiekvalitet: studentane får stor valfridom, men lite oppfølging på kvart emne. Den totale ressursbruken på fagstudia er framleis noko for høg, men det er ikkje mogleg å redusere timebruk pr. emne meir. Dersom me må gjere fleire innsparingar, må dette skje ved å redusere talet på emne. Instituttet vil foreta ei større gjennomgang av ressursituasjonen, både på fagstudia, exphil og dei tidlegare exfac-emna, for å vurdere dette.

Med omsyn til det andre så varierer fråfallet frå kull til kull, men det ligg i snitt på rundt 75 % på bachelor. Under 20 % fullfører på normert tid. Som desse tala viser er det slik at av dei som gjennomfører, så gjennomfører dei fleste på normert tid. Det kan godt vere at studentane sin bakgrunn, situasjon og motivasjon gjer at me aldri vil få eliminert fråfallet heilt, men det er ingen tvil om at 75 % er altfor høgt. Det burde vere mogleg å redusere dette. Instituttet har difor oppretta ei arbeidsgruppe skal analysere årsakene til fråfallet og å føreslå tiltak for å redusere dette, innanfor eksisterande ressursrammer. Dette må sjåast i samheng med ein eventuell revisjon av studietilbod, som skissert i førre avsnitt. Det kan til dømast tenkjast at reduksjon av emne også vil gi reduksjon i fråfall, gjennom å betre samheng i programmet, meir ressursar pr emne, og dermed meir varierte og studentaktive læringsformer

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for filosofi og  
førstesemesterstudier  
Telefon 55 58 23 82  
fof@hf.uib.no

Postadresse  
Postboks 7805  
5020 Bergen

Besøksadresse  
Sydnesplass 12-13  
Bergen

Saksbehandler  
Steinar Thunestvedt  
55582384

Som kjend har examen philosophicum hatt økonomiske utfordringar dei siste åra, grunna det mellombelse bortfallet av MN og JUS. For å dempe effekten av dette bortfallet reduserte me i 2021 undervisinga på exphil, og delvis på exfac-emna (tilsvarande cirka 3000 timar pr år). Dette var nødvendig, men ein kan ikkje gjere ytterlegare nedskjæringar utan at det også går ut over inntektene. Når MN og etter kvart også JUS er tilbake på exphil, aukar talet på exphil-kurs igjen, noko som tyder vekst i inntektene, og dermed nedbetaling av det akkumulerte underskotet, men som også tyder press på undervisningsressursane. Med normal drift på exphil er det liten tvil om at dette emnet er underbemanna.

At emne i filosofi er attraktive for studentar frå andre fag er ein viktig grunn til at me har stor tru på at det er rom for tverrfaglege studieprogram der filosofi har ei sentral rolle. Derfor har me vore tungt inne i planane om PPE- og HD-program. Medan HD no ser ut til å ligge på is, er me framleis av den oppfatning at PPE ville vore svært bra både for instituttet, fakultetet og universitetet. Ikkje minst har eit PPE-program potensiale til å trekkje til seg spesielt dyktige studentar, slik at ikkje alle desse forsvinn til prestisjestudium andre stader. Eit tilsvarende program er i dag mellom dei vanskelegaste programma å kome inn på ved UiO, nesten på høgde med medisinstudiet, som tyder på at det er ein stor marknad for eit slikt studium. Difor har me dedikert ei utlyst stilling som no er i prosess til fagområde som fell inn under PPE (sjå under).

Som kjend vedtok instituttrådet ved FoF i 2019 at «FoF ikke lenger kan ta ansvaret for Retorikkprogrammets faglige og administrative drift dersom ikke den faglige og administrative bemanningen styrkes». Sidan den tid har programmet vore i limbo, men no er det i gang ein prosess for å leggje dette ned. Studenttala har vore låge lenge, programmet har verka fragmentert, og retorikk er ikkje eit sentralt forskingsområde på instituttet (av instituttets 66 publikasjonspoeng i 2021, var ingen innan retorikk). Det er viktig å understreke at ei eventuell nedlegging av *studieprogrammet* retorikk, ikkje tyder å leggje ned *faget* retorikk. Tvert imot gir det oss høve til ei fornya satsing på retorikkemne innanfor og tettare knytt til filosofiprogrammet.

## Forsking

Publikasjonar er på mange måtar målet for forskinga vår. Det er difor gledeleg at instituttet har hatt ein svært stor auke her dei siste åra, med ei firedobling sidan 2014, til tross for at mange av våre tilsette ikkje har ordinær forskningstid i stillingane sine. Publikasjonstala viser ein liten nedgang i 2021, som kan vere ein naturleg korreksjon etter fleire år med oppgang, men det viser også at me må arbeide for å halde oss på eit høgt nivå. Til å vere eit lite institutt har me også hatt fleire tilslag på eksterne prosjekt, særleg hjå NFR.

Eksternfinansiering utgjør ein stadig større del av instituttbudsjettet, faktisk meir enn «basisfinansieringa» frå fakultetet. Dette er mykje for eit relativt lite institutt, men gjer oss også litt sårbare, sidan desse prosjekta vil ta slutt. I tillegg har me få fakultetsfinansierte stipendiatstillingar, som gjer det særleg viktig for oss med eksternfinansiering. Til saman gir dette oss følgjande to hovudmål i åra som kjem: me må konsolidere oss på det høge publiseringnivået, samt sikre ny eksternfinansiering når eksisterande prosjekt går ut.

Målsettinga til FoF er å få tilslag på eit NFR-prosjekt annakvart år, og eit ERC-prosjekt kvart fjerde år. Det kan verke defensivt, men når ein ser kor få filosofiprojekt som blir tildelt, er faren snarare at det er for offensivt: det er ikkje uvanleg med berre 1-2 NFR-prosjekt til

filosofi i Norge pr. år, og til dømes 1-2 ERC Advanced Grants til filosofi i Europa pr. år. For å oppnå dette målet er det nødvendig å få våre sterkaste fagpersonar til å søkje. Og for få det til, må instituttet vurdere å utarbeide ein insentivmodell for prosjektsøknadar, til dømes gjennom forskingsstøtte, val av undervisningsoppgåver m.m. Sidan instituttet har få stipendiatstillingar, kan me ikkje lage nokon generell regel om å gå inn med stillingar i planlagde søknadar eller i fakultetets forskingsgruppesatsing. Men det er opning for dette i instituttrådets vedtak om innretning på stipendiatstillingar, så det er noko leiinga skal vurdere frå tilfelle til tilfelle.

Instituttet har ingen spesielle utfordringar knytt til gjennomstrøyming, underkjenning og fråfall hjå stipendiatane. Dei aller fleste leverer på tilnærma normert tid, og dei siste ti åra har me ikkje hatt ei einaste underkjenning på FoF. Slik sett er det synd at FoF har så få stipendiatstillingar i høve til størrelsen på instituttet, noko som skuldast at studiepoengproduksjon på exphil og exfac ikkje tel med i beregningsgrunnlaget. Difor bør instituttet få tildelt ei av fakultetet sine midlertidige rekrutteringsstillingar. Dette kan ein sjå i samanheng med vårt ønskje om å få opprette eit PPE-program. Ei slik stilling kan nettopp vise verdien av ei tverrfagleg tilnærming til tema som ulikskap og demokrati.

Som nemnd i tidlegare budsjettinnspel ønskjer instituttet vidare å få bruke av kvoten for postdoktorstillingar, når det igjen blir rom for det. Når me lyser ut postdoktorstillingar, får me rekruttert kandidatar av høg internasjonal klasse, som vil bidra både med søknadsaktivitet og med publikasjonar på høgt nivå. Det er difor ein god strategi både for instituttet og fakultetet å lyse ut postdoktorstillingar i filosofi, gjerne med krav i utlysinga om at den som blir tilsett skal levere ein ERC-søknad i løpet av perioden.

Wittgensteinarkivet (WAB) er no si slutfasen av infrastrukturprosjektet sitt (WABe), der siktemålet er å utvikle ei nyttgåve av «Bergen Electronic Edition» av Wittgenstein sitt «nachlass» (i samarbeid med Oxford University Press). Tildelinga av desse midlane har vore av uvurderleg stor verdi for arkivet, og har forsert arbeidet med ei nyttgåve med fleire år. Korvidt dette for å kome i mål med prosjektet innan rimeleg tid, og i kor stor grad det vidare arbeidet må finansierast av FoF sine driftsmidlar, er i skrivande stund uklart.

Vi nyttar høvet også her til å påpeike det urimelege i at drifta av Wittgensteinarkivet i realiteten må finansierast av FoF sine resultatinnkteter.

## Bemanning

I 2022 har instituttet avgangar for Paola De Cuzzani og Reidar Lie. Stillingane etter desse to er no i prosess og vil bli fylt i 2023. Ei av desse stillingane har me øyremerka til tematikk som fell inn under ein PPE-paraply, slik at den nyttilsette kan få ei sentral rolle i eit slikt program. Dei neste avgangane på fagstudiet er etter planen ikkje før i 2027 og 2029, så spørsmålet om prioritering av desse har ikkje oppstått endå, bortsett frå at det er og bør vere ein sentral del av strategien til instituttet å satse der me er sterke heller enn å spreie oss tynt ut over.

Me hadde i 2022 også avgang for Helge Pettersen, som ikkje er erstatta endå, slik at me reelt har blitt nedbemanna i 2022. Denne stillinga har vore delt mellom fagstudiet og exphil, om enn det har vore ei viss uklarheit om korleis denne stillinga var fordelt.

På exphil har me neste avgang i 2024. Gitt den økonomiske situasjonen har det ikkje vore aktuelt med nye stillingar på exphil dei siste par åra, men når me i løpet av dei neste par åra får ein auke i aktiviteten igjen, bør ein vurdere å lyse ut faste stillingar, sidan det er lite tvil om at exphil er underbemanna, i det minste i normalår. For å redusere bruken av midlertidig arbeidskraft på exphil, vil ein difor måtte tilsette fleire i faste stillingar. Med tanke på den nye, krevjande exphil-varianten på Juridisk Fakultet, som vil starte opp våren 2023 for studentar i fjerde semester, bør ei ny exphil-stilling vere spesifikt knytt til dette fakultetet, sidan me her vil trenge ein kombinasjon av filosofisk og rettsvitskapeleg kompetanse. Denne bør me lyse ut i løpet av 2023.

Trass i at både Ole Hjortland (prodekan) og Michael Baumgartner (tildeling av større NFR-prosjekt) genererer behov for vikarar ved filosofistudiene reknar vi med at vi også i 2023 vil greie dette med moderat vikarbruk her. P.g.a. det ovanfor nemnde misforholdet mellom aktivitet og bemanning ved Examen philosophicum vil vi likevel ha stort behov for vikarmidlar for desse ved Examen philosophicum. Vi reknar såleis med at det blir full økonomisk kompensasjon for undervisningsdelen for desse to stillingane også i 2023.

I tida som kjem vil vi vurdere behovet for fleire faste tilsetjingar ved Examen philosophicum, i tillegg til den som er nevnt over. Dersom ambisjonen er å redusere bruken av mellombels tilsette monaleg, er det i realiteten ikkje noko alternativ til å tilsetje 3 eller 4 faste lektorstillinger i åra som kjem. Vi vurderer det som svært lite realistisk med ytterlegare effektiviseringstiltak i tillegg til dei tiltaka vi har gjort dei siste åra.

Steinar Bøyum  
instituttleder

Steinar Thunestvedt  
administrasjonssjef



Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

Referanse

2011/3733-UNU

Dato

24.05.2022

## Valg av medlemmer til instituttrådet - gruppe B

Valgstyret ved HF godkjente i møte 20.05.22 følgende kandidater til instituttrådet ved FOF:

### Gruppe B:

- Marilu Papandreou (medlem)
- Leon Commandeur (1. varamedlem)
- David Chelsom Vogt (2. varamedlem)

Hvis det i en valgkrets bare er foreslått så mange kandidater som det antallet som skal velges som medlemmer og varamedlemmer, foretas valget av instituttrådet som valgforsamling (jf. [valgreglementets § 24-3](#)). I tråd med dette ber vi instituttrådet om å velge representanter fra gruppe B med frist 30.06.22.

### Gruppe D:

Fagutvalget ved FOF har fått delegert ansvaret for valg av studentrepresentanter, med frist 15.06.22.

Vennlig hilsen

Kim Ove Hommen  
fakultetsdirektør

Unni Karin Utvik  
seniorrådgiver

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

## **VALGPROTOKOLL**

### **GRUPPE D**

**VALGPERIODE: 01.08.22 – 01.08.23**

Representanter:      1. Axel M. Leegaard  
                                 2. Johan Wilhelm Holmström Ulla  
                                 3. Vivian Selena Steinsund

Vara:                      1. Edvard Haugland  
                                 2. Chris Ivan Nilsen Ringnes  
                                 3. Lily Agnes Kolltveit Ford

Valget er gjennomført med Fagutvalget som valgforsamling. På møtet var det ingen kvinner til stedet og det ble derfor bare valgt to mannlige representanter og to mannlige vararepresentanter. Kvinnelig representant og kvinnelig var ble derfor utpekt av styret.

Til stede på allmøtet for fagutvalget: Axel Leegaard (leder), Edward Aleksander Smokvina Jakobsen, Edvard Haugland, Kasper Vere, Mats Thunestvedt, Johan Wilhelm Holmström Ulla, Anthony Charles Morton, Chris Ivan Nilsen Ringnes, André Eilertsen.